



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Monika Haugland, 5557 2330

Vår dato
14.10.2011
Dykkar dato

Vår referanse
2011/6861 443.2
Dykkar referanse

Uni Miljø LFI
PB 7810
5020 BERGEN

Løyve til uttak av feilvandra Vossolaks

Fiskeløyve nr. 34-2011

Vi viser til telefonsamtale med Bjørn Barlaup 14. oktober.

Uni Miljø LFI får løyve til uttak av feilvandra og merka Vossolaks i elvar i Nordhordland, med spesiell vekt på Storelva i Arna. Løyve vert gjeve med heimel i § 13 i lakse- og innlandsfiskeleva, uavhengig av forskrifter eller forbod fastsett i eller i medhald av same lov.

Fylkesmannen har vurdert prosjektet etter naturmangfaldlova §§ 8 – 12 og meiner vi har eit godt nok kunnskapsgrunnlag i denne saka. Ved å følgje vilkåra gitt i løyvet meiner vi det ikkje vil vere til skade for naturmangfaldet. Tiltaket vil ikkje auke den samla belastninga for dei ulike lokalitetane.

Tiltaket vil bidra til å bevare eigenarten til laksestammene i området, noko som ligg til grunn for forvaltninga av villaks i Norge.

Løyvet gjeld frå 15. oktober til 30. november 2011. Føremålet er uttak, registrering og prøvetaking av feilvandra Vossolaks. Som vilkår for løyvet gjeld:

- Ein må avtale uttak med den enkelte grunneigar/fiskerettshavar
- Ein kan fiske med garn, stang, håv og dykkarar
- Umerka sjøaure og villaks som vert fanga skal så raskt og skånsamt som mogleg setjast ut att
- All feittfinneklypt laks som vert avliva skal handsamast og takast prøver av etter instruksar frå Bjørn Barlaup, Uni Miljø.

Dersom det er noko i vedtaket de vil klage på kan de sende klage til Direktoratet for naturforvaltning. Klagefristen er 3 veker etter at dette brevet er motteke. Ei eventuell klage skal de sende via Fylkesmannen i Hordaland.

Med helsing

Egil Hauge e.f.
seksjonssjef

Monika Haugland
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Osterøy kommune	Rådhuset	5282	Lonevåg
Lensmannen i Vaksdal	Skulegt. 2	5722	DALEKVAM
Direktoratet for naturforvaltning (DN)	Postboks 5672 Sluppen	7485	Trondheim
Vaksdal kommune	Konsul Jepsensgate 16	5722	Dalekvam
Bergen nord politistasjonsdistrikt	PB 2603 Liamyrane	5828	BERGEN
Arna Sportsfiskarlag	PB 55	5888	BERGEN
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	Bergen
SNO, her			